



Malin og Ann Kristin var blant dei som selde lodd til FAU-basaren på SPAR på laurdag.

Gratisprinsippet og tronge budsjett set grenser for kva aktivitetar skulane kan tilby elevane. Det har mellom anna FAU ved Uskedal skule teke konsekvensen av. Dei yter derfor sine bidrag for at elevane skal få ein kjekk, god og variert skulekvardag. For å skaffa inntekter arrangerer dei stor basar søndag 16.februar kl.16.30.

BASAR

FAU USKEDALEN SKULE inviterer til
Basar i Aktivitetshuset i Uskedalen (hallen)
SØNDAG 16.02 KLOKKA 16.30

TA MED DEG BESTEFORELDRE, TANTER OG
ONKLAR, VENNER OG NABOAR, SAMBYGDINGAR
OG KOLLEGAER
- JA INVITER GJERNE MED ALLE DU KJENNER!
☺

Her blir det åresalg med mange FLOTTE gevinstar,
de får kaffi,saft og kaker – og ei kjekk sosial stund
☺

Vi tek imot både kontantar og betaling via VIPPS

GLER OSS TIL Å SJÅ DYKK!
VELKOMMEN
☺

LODDBOK
VI SEL LODD PÅ LODDBOK ☺
Fabelaktige gevinstar , mellom anna:
- Bålpanne, dagspass til Festidalen,
vinkelsliper, dekkhotell, fruktorg,
Ryobi pussemaskin, dobbel
arbeidslampe på fot , 2dagers
leigebil, Makita drill, service på
varmepumpe ++





Med plakaten på bildet inviterer FAU til basar.

No føregår førehandssal av lodd til basaren, og lørdag var FAU-representant Ann Kristin Olsen saman med elev

Malin på plass som loddseljarar på SPAR då eg var innom butikken. Dei hadde med seg nokre gevinstar, men kunne fortelja at det berre var eit lite utvalg. Og det er jammen sant!!! Gevinstlista er svært så rikhaldig og den bør vera veldig fristande på aktuelle loddkjøparar.

Gevinstane har dei fått frå rause firma. Her finn vi alt frå dagspass til Festidalen og billetter til Sunde-sprell til bålpanne, mariusgensar, sand/grus, leigebil, dekkhotell, verktøy, service på varmpumpe og mykje, mykje meir.

Malin og Ann Kristin fortel at det også vert loddsalg på SPAR neste laurdag. Dei har fordelt vaktene slik at både elevar og foreldre gjer ein innsats på det feltet. Dei håpar og trur på godt salg slik at det kan bli til mange gode tiltak for elevane på Uskedal skule. I farten nemner dei sosiale tiltak som elevkveldar, karneval og så håpar dei det kan bli skidag om vergudane spelar på lag. Dei gler seg til basaren og lovar ein skikkeleg basar med åresal og det heile.

På basaren vert det også rikeleg med kaffi og kaker. Oppgåvene er delt klassevis, og alle deltar. Det ligg til rette for ein skikkeleg koseleg søndagsettermiddag i Aktivitetshuset frå kl.16.30 og utover den 16.februar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland